

Merknader til Søknad om konsesjon for økt produksjon i Selselva kraftverk

Sunnfjord kommune, Teknisk drift, er eigar av Bygstad vassverk. Tidlegare vassverkseigar, Gaular kommune, som no er del av nye Sunnfjord kommune, inngjekk i 2009, avtale med dåverande eigar av Selselva Kraft, om uttak av drikkevatn.

Vi har følgjande merknader til søknaden.

2.4 Fordeler og ulemper ved tiltaket

Ulemper

Aktiv regulering med luke gjør at elva over en strekning på ca. 600 m tidvis vil få stor variasjon i vannføring.

Merknad

Overløpet i dammen må tilpassast dagens utløp og vassføring, slik at framtidig flaumvassføring ikkje vert større enn den ville blitt utan utbygging.

På grunn av tidlegare regulering og lågare snittvassføring, har elveløpet til Selselva grodd til. Dette har medført auka utvasking i regnversperiodar.

Stor variasjon og høg vassføring vil påverke vasskvaliteten, og det må sikrast at inntaksdammen til vassverket ikkje vert tilslamma.

3.4 Skred, flom og erosjon

Under byggingen av reguleringsdammen vil det kunne bli noe tilslamming nedover i elva. Siden elva er reserve drikkevannskilde i kommunen, må det settes i verk midlertidige tiltak.

Merknad

Selselva er framleis vår hovudvasskjelde, fram til løysinga med drikkevassuttak frå turbinavløpskanalen (Ref. pkt 3.13) er tilfredsstillande utbetra. Inntaket i elva vil deretter vere reservevasskjelde.

Under utbygging må drikkevassforsyninga sikrast med vassinntak frå Bergselva, slik det vart gjort ved første utbygginga (Ref. pkt 3.13).

Ved legge permanent inntaksleding til Bergselva, vil ein også sikre ei betre og meir stabil reserveforsyning.

3.13 Ferskvannsressurser

Kommunens drikkevannskilde, både hovedforsyningen på ca. kote 200 og reserveforsyningen i turbinavløpskanalen, vil bli påvirket av utbygging av reguleringsmagasinet. Under den første utbyggingen av kraftverket ble det lagt opp midlertidig vannforsyning fra Bergsselven. Det er dialog med kommunen om løsninger i forbindelse med oppgraderingen av kraftverket. I alle tilfeller må det sikres og legges til rette for en midlertidig tilførsel av rent drikkevann i anleggsperioden. Permanent løsning forutsettes avklart med kommunen innen konsesjonsbehandlingen sluttføres

Merknad

Vi stadfester god dialog med Selselva Kraft. Når den planlagde løysinga med å hente drikkevatnet frå turbinavløpskanalen er etablert og sikra, skal dette vere hovudvassforsyning, og reguleringa i Selselva vil ha mindre verknader for vasskvaliteten.

Med mindre det blir lagt til rette for permanent reserveuttak frå Bergselva, må inntaksdammen i Selselva sikrast mot tilslamming.